

Utkast til rapport om tilhøvet til EFTA-landa drøfta i Europaparlamentet

Brusselbrev frå Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor.

Publisert: 22. april 2015.

- *Utkast til rapport om tilhøvet til EFTA-landa drøfta i Europaparlamentet denne veka*
- *Mest fokus på Sveits, men mange understreka at det er viktig med raskare implementering av nytt regelverk i EØS/EFTA-landa*
- *Noreg ikkje nemnt i debatten*
- *Høyring om rapporten 7. mai og endeleg vedtak i komiteen 16. juli*

I [Stortingets EU/EØS-nytt 21. april](#) er det orientert om arbeidet i Europaparlamentet med ein rapport om EUs tilhøve til EØS-landa og Sveits. [Utkastet til rapport](#) vart drøfta i ein kort debatt i Indre marknads- og forbrukarkomiteen (IMCO) denne veka. Utkastet fokuserer i stor grad på Sveits. Dei som tok ordet var i hovudsak nøgde med utkastet og brukte også mest tid på Sveits i sine innlegg. Inntrykket er at komiteen meiner EØS-avtalen fungerer betre enn avtalene med Sveits, spesielt knytt til fri rørsle av arbeidskraft, men at sein implementering av nytt regelverk i EØS-landa blir sett på som problematisk. Ein talar forsvarte Sveits sin rett til å avgrense talet på arbeidsmigrantar til landet. Noreg vart ikkje nemnt konkret i debatten.

Saksordførar Andreas Schwab (EPP, Tyskland) sa at EØS-avtalen og dei bilaterale avtalene med Sveits har fungert godt, men at det er eit problem at EØS/EFTA-landa nå ligg etter med implementering av nye direktiv og forordningar. Han sa også at det ikkje ville vore aktuelt å gje denne typen privilegert partnerskap til andre land nå. Han tilhøvet til Sveits er komplisert, ikkje minst etter folkeavrøystinga om fri rørsle av personar. Arbeids- og sosialkomiteen (EMPL) i EP vil kome med eit innspel til IMCO som vil gå nærmare inn på dette. Restriksjonar i lengda på utkast til rapport, gjer at han vil inkludere andre element i rapporten gjennom endringsframlegg

Maria Grapini (S&D, Romania) som er skuggeordførar, understreka at problema i tilhøvet til Sveits må løysast og viste her mellom anna til problema med fri personrørsle mellom Kroatia og Sveits.

Skuggeordførar Ulrike Trebesius (ECR, Tysklansd) brukte også heile sitt innlegg på Sveits. ECR meiner den sveitsiske folkeviljen må respekterast og er generelt positiv til desentraliserte avgjerdslar. Det er viktig å forstå dei utfodringane Sveits står overfor pga. den store arbeidsinnvandringa. Ho trakk fram behovet for eit samarbeid med Sveits om energiproduksjon og lagring (og nemnde ikkje Noreg her) og om selskapskapskatt. Ho nemnde også behovet for ei løysing knytt til TTIP og internasjonal tvisteløysing, men forklarte ikkje relevansen av dette til den aktuelle rapporten.

Robert Rochefort (ALDE, Frankrike) som snakka på vegne av skuggeordførar Ulla Tørnæs (ALDE, Danmark), sa tilhøvet til EØS/EFTA-landa og til Sveits var ein suksess, men at det må vurderes i eit nytt i lys av Lisboa-traktaten. Han uttrykte bekymring for den seine implementeringa av nytt regelverk i EØS-avtalen og over kampanjene i Sveits mot innvandring og frie personrørsler.

Pascal Durant (Dei grøne, Frankrike) sa det er positivt at rapporten fokuserer på styrke samarbeid og integrasjon. Han sa seg lei for at Island ikkje ynskjer EU-medlemskap, at det er seint gjennomføring av nytt regelverk i EØS og at Sveits ynskjer å avgrense arbeidsinnvandringa. Han ville kome med eit endringsframlegg knytt til Sveits og skatt. Han ba om ei forklaring på formuleringa i fyrste avsnitt i rapporten. Her skriv Schwab at EØS-avtalen har vore ei vesentleg drivkraft til økonomisk vekst og at den har vore ei solid, effektiv og velfungerende aftale. Durant sa han gjekk ut i frå dette ikkje skulle tolkast som at EØS-avtalen er ein aktuell modell for avtaler med andre 3. land?

Catherine Stihler (S&D, Storbritannia) sa rapporten gjev eit godt overblikk, og at det er viktige skilnadar mellom tilhøvet til Sveits og tilhøvet til EØS/EFTA-landa. Ho var samd i at sein implementering av nye direktiv er uheldig og viste til at dette også hadde vore tema på møtet i den felles EØS-parlamentarikerkomiteen i Fredrikstad i mars. Ho meinte innstramminga i arbeidsinnvandring til Sveits som følge av folkeavrøystinga ville vere eit direkte åtak på arbeidsmigrantar frå Tyskland og Italia.

Komiteleiar Vicky Ford (ECR, Storbritannia) sa rapporten bør fokusere på tema som er innanfor IMCOs mandat, dvs. fri rørsle av varer og tenester, implementering og ein velfungerande indre marknad. Ho ba derfor medlemmane om ikkje å fokusere på frie personrørsler og overlate denne problemstillinga til EMPL.

Gianluca Grippa frå EUs utanriksteneste (EEAS) sa i eit svært kort innlegg at han støtta innhaldet i rapporten og at den er i samsvar med Rådkonklusjonane om tilhøvet til EFTA-landa frå desember 2014.

Saksordførar Schwab takka avslutningsvis for støtten og var glad for at så mange hadde understreka at implementering er viktig. Jamvel om mange medlemsland også er forseinka med implementering, er det klart at EØS/EFTA-landa gjer det enda dårlegare. Dette er uheldig. Han sa også at det er viktig å finne eit løsning på tilhøvet til Sveits etter folkerøystinga der.

Komiteen skal ha ei høyring om rapporten 7. mai og frist for å fremje endringsframlegg er 12. mai. Komiteen vil drøfte endringsframlegga 23. juni og stemme over rapporten 16. juli.